

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURPRIS I NORD-FRON KOMMUNE

1. Nord-Fron kommune ved formannskapet kan kvart år innafor ramma av bevilga beløp dele ut ein kulturpris.
2. Føremålet med kulturprisen er å stimulere og hjelpe fram kulturarbeidet i kommunen. Prisen blir gjeve for aktivt kulturarbeid over lengre tid, eller for særlege einskildtiltak som kjem kulturlivet i Nord-Fron kommune til gode.
3. Prisen kan bli delt ut til enkeltpersonar, lag/foreiningar eller institusjonar som har tilknytning til Nord-Fron kommune, og som har gjort ein innsats innafor område som blir omfatta av det utvida kulturomgrepet.
4. Prisen kan bestå av ei gåve eller eit pengebeløp. Saman med prisen blir det tildelt ein diplom med grunngjeving for pristildelinga.
5. Frist for innsending av forslag på kandidatar blir kunngjort i lokalpressa og på Nord-Fron kommune si heimeside. Forslag til kandidatar skal sendast Nord-Fron kommune på eige skjema. Medlemmer i formannskapet skal, i samband med at dei ev. vil kome med forslag på kandidat til kulturpris, halde seg til same frist som gjeld for andre som kjem med forslag på kandidatar.
6. Prisen blir vanlegvis berre delt ut ein gong til same person, lag/foreining eller institusjon.
7. Prisen kan og bli delt ut som stipend, men da blir det sett som vilkår at det blir gjeve rapport til formannskapet om bruken av stipendet.
8. Ordføraren har ansvaret for at kulturprisvinnaren blir varsla umiddelbart etter at vedtaket er fatta. Prisivinnaren får ei skriftleg stadfesting i etterkant av møtet.

Vedteke av hovudutvalet for kultursaker 28.08.87, sak 53/87.

Revidert av utval for helse-, oppvekst- og kultursaker 11.09.08, sak 36/08, nytt punkt. 8.

Revidert av formannskapet 30.09.20. sak 125/20.